

SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2018



Handsaming

Dato:

Saksnummer:

Referanse: 19/504

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27 med kontor i Førde rådhus. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant.

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Nokre av styret sine oppgåver etter § 6 i vedtektene::

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel
- Utarbeide årsmelding som sendast deltakarkommunane

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.18

Kommune	Fast medlem	Personleg varamedlem
Askvoll	Jorunn Blom Aalen, nestleiar	Oddbjørn Aalen
Bremanger	Björg Kleiven	Stig Bakke
Eid	Vigdis Heimdal Reksnes	Øyvind Dyptveit (frå 1.2.18)
Fjaler	Magne Norddal	Anny Mari Holm Solheim
Flora	Terje Kjerpeset	Oscar Bergheim
Førde	Terje Engvik, leiar	Frode Gjerde
Gaular	Joar Aarnes	Kjerstin Haugsbø
Gloppen	Per Rune Vereide	Ragnar Eimhjellen
Gulen	Arnhild Kjellevoid	Aslak Nyhammer
Hornindal	Tom Øyvind Solheim	Ralf Bjarne Taraldset
Hyllestad	Randi Gåsdaal	Ingunn Sognnes
Jølster	Inger Jorun Årseth	Arne Lesto
Naustdal	Ole Erik Thingnes	Johnny Gustavsen
Solund	Arne Leif Osland	Edel F Bontveit
Stryn	Rune Myklebust	Aud Jorunn Hool Egge

Leiar	Terje Engvik
Nestleiar	Jorunn Blom Aalen

Arbeidsutvalet pr 31.12.18

Medlem	Personleg vara nr 1	Personleg vara nr 2
Terje Engvik, leiar	Joar Aarnes	Inger Jorun Årseth
Jorunn Blom Aalen, nestleiar	Terje Kjerpeset	Ole Erik Thingnes
Per Rune Vereide	Rune Myklebust	Tom Øyvind Solheim
Vigdis Heimdal Reksnes	Arnhild Kjellevoid	Arne Leif Osland
Randi Gåsdal	Bjørge Kleiven	Magne Norddal

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
14.03.2018	6
19.09.2018	9
Sum	15

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
21.06.2018	5
17.12.2018	6
Sum	11

Stillingar og tilsette

Verksemda har 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar Arnar Helgheim og rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme. Årsløna til dagleg leiar er pr 31.12.18 på kr 758.500,-.

Reiseutgifter for tilsette vert dekkja etter statens regulativ og andre utgifter etter dokumentert rekning. Tilsette følgjer dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og avtaler i KS-området. For utfyllande reglar, følgjer SEKOM-sekretariat dei reglementa som er gjeldande i Førde kommune.

Arbeidsåret 2018

Styret vedtek budsjett og arbeidsplan for selskapet. Frå og med budsjett for 2018, vart begge desse sakene handsama i styret sitt haustmøte. Statusrapport frå dagleg leiar til styret om oppfølging av arbeidsplan er ikkje ein del av årsmeldinga til eigarkommunane, men ligg i saksutgreiinga som er tilgjengeleg på nettsida.

Vi har hatt til saman 94 formelle kontrollutvalsmøte med 616 saker i løpet av 2018. Etter vedtak i Stortinget, er det 4 nye kommunar som påverkar SEKOM-sekretariat sitt område. Kvar av desse hadde 2 felles kontrollutvalsmøte i 2018.

For Volda, Stad og Kinn er SEKOM sekretariat for ein kommune og Vest Kontroll for den andre kommunen. Alle dei 4 kommunane som slår seg saman til Sunnfjord kommune er medeigarar i SEKOM.

Kommunestyra vedtok planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i løpet av 2016. Utvala rapporterer gjennom eiga årsmelding til sitt kommunestyre / bystyre om kontroll- og tilsynsaktiviteten.

Framtidig sekretariatstruktur

Gjennom heile 2018, har selskapet arbeidd med avklaringar om framtidig sekretariatstruktur. Både kommunesamanslåingar og endringar i kommunelova gjer at det uansett må gjerast endringar i SEKOM-sekretariat. Arbeidet med avklaringar held fram inn i 2019.

Økonomi

Utdrag frå rekneskap 2018:

	Rekneskap 2018	Revidert budsjett 2018	Rekneskap 2017
Lønsutgifter	1 871 701	2 014 000	1 792 465
Andre utgifter	537 759	622 000	503 646
Brutto utgifter	2 409 460	2 636 000	2 296 111
Inntekter	-56 678	-46 000	-7 781
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	2 352 782	2 590 000	2 288 330

Utvikling i tilskotet frå dei 15 eigarkommunane:

Årstal	Tilskot (rekneskap)
2014	2 130 000
2015	2 080 000
2016	2 192 000
2017	2 288 000
2018	2 353 000

Sjå meir i eiga styresak om godkjenning av rekneskapen som er tilgjengeleg på SEKOM sine nettsider.

Pensjon og arbeidsgjevaravgift

Pensjonskostnadane svingar ein god del, og var ca kr 36.000 høgare enn året før, men ca kr 77.000 lågare enn budsjettet. Samansetjinga av pensjonskostnaden er med i note til rekneskapen. Arbeidsgjevaravgifta var på kr 179.000. Ca kr 13.000 lågare enn budsjettet.

Avslutning av rekneskapen

Netto forbruk kr 237.218 under budsjett vert attendebetalt til eigarkommunane. Sjå tabell under ressursbruk med avrekna betaling frå eigarkommunane i 2019. Slik avrekning har vore gjort årleg i selskapet.

Ressursbruk

Vi fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- Fast del 25%
- Etter tidsbruk 25%
- Etter folketal 50%

Kommune	Folketal 1.1.18	% tid 2018	Endeleg tilskot	Innbetalt jf budsjett	Avreknast mot tilskot 2019
Askvoll	3 052	5,2 %	-122 429	-146 000	23 571
Bremanger	3 767	5,1 %	-133 773	-157 000	23 227
Eid	6 157	8,8 %	-196 628	-200 000	3 372
Fjaler	2 846	5,6 %	-121 144	-137 000	15 856
Flora	11 988	10,9 %	-309 187	-343 000	33 813
Førde*	13 089	13,5 %	-343 499	-347 000	3 501
Gaular	3 006	5,9 %	-125 655	-136 000	10 345
Gloppen	5 874	5,4 %	-171 918	-199 000	27 082
Gulen	2 345	5,2 %	-109 898	-125 000	15 102
Hornindal	1 175	4,9 %	-88 011	-99 000	10 989
Hyllestad	1 378	4,1 %	-86 990	-109 000	22 010
Jølster	3 043	8,1 %	-139 083	-147 000	7 917
Naustdal	2 825	6,5 %	-125 680	-138 000	12 320
Solund	807	6,0 %	-88 268	-89 000	732
Stryn	7 195	4,7 %	-190 619	-218 000	27 381
Totalt	68 547	100,0 %	-2 352 782	-2 590 000	237 218

*)Ved sidan av det vanlege sekretariatsarbeidet, leverte SEKOM ein saksrapport til Førde kontrollutval: «Røyr til fjernvarme – saksgang». Det gjekk ca 65 timar til dette arbeidet, innanfor dei ressursane vi har. Dette utgjer ca kr 20.000 av summen for Førde kommune.

Andre tilhøve

Personvern

SEKOM-sekretariat har slutta seg til felles personvernombod gjennom Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Plan for informasjonstryggleik vert handsama av styret på første møte i 2019.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret er sett saman av 9 menn og 6 kvinner. I arbeidsutvalet er det 2 menn og 3 kvinner.

Arbeidsmiljø

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2018. Selskapet har godt eigna lokale i Førde rådhus som er grunnlag for eit godt fysisk arbeidsmiljø. Lokalisering saman med ein kommuneadministrasjon gir også eit større arbeidsfellesskap, noko som er nyttig for eit selskap med berre 2 tilsette.

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Meir om SEKOM-sekretariat

Vi viser til sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no. Her er mellom anna møteplan med sakliste og møtebok for styre, arbeidsutval og dei 15 kontrollutvala. |

Underskrifter

Førde, 4. april 2019

Jorunn Blom Aalen,
Askvoll

Bjørge Kleiven,
Bremanger

Vigdis Heimdal Reksnes,
Eid

Magne Norddal, Fjaler

Terje Kjerpeset, Flora

Terje Engvik, Førde

Joar Aarnes, Gaular

Per Rune Vereide,
Gloppen

Arnhild Kjellevold, Gulen

Tom Øyvind Solheim,
Hornindal

Randi Gåsdaal, Hyllestad

Inger Jorun Årseth,
Jølster

Ole Erik Thingnes,
Naustdal

Arne Leif Osland,
Solund

Rune Myklebust,
Stryn